

Fellesskoleutvalget

Skriftleg innspel frå Utdanningsforbundet til utvalet for framtidens fellesskule

Skuledebatten handlar ofte meir om problema i skulen enn om kva som er bra. Det kan gje eit skeivt bilete. Utdanningsforbundet meiner det er mange grunnar til å vere stolte av den norske skuletradisjonen. Måten vi som samfunn har organisert skulen og den innsatsen lærarar, leiarar og andre i skulesektoren har lagt ned, er ei viktig årsak til at Noreg har vore og framleis er eit relativt trygt, ope og demokratisk samfunn med små forskjellar og eit høgt kunnskapsnivå blant folk. I eit historisk perspektiv er det mykje som talar for å karakterisere den norske skulen som ein suksess. Vi kan likevel ikkje slå oss til ro med at det vil vere slik også i framtida. Samfunnet endrar seg. Den norske fellesskulen er under press. Utdanningsforbundet meiner det var klokt av regjeringa å setje ned eit utval for å sjå på fellesskulen i framtida. Vi ønsker å bidra til at utvalet får eit så godt grunnlag som mogleg for å føreslå tiltak som kan styrke og ta vare på det beste i den norske skuletradisjonen.

Korleis forstår Utdanningsforbundet omgrepet «fellesskulen»?

Fellesskulen var i utgangspunktet eit politisk omgrep. Det har ikkje hatt nokon fast og tydeleg definisjon og har blitt tolka og forstått ulikt. Når omgrepet no står i sentrum for ei offentleg utgreiing, blir det viktig å gi det eit innhald som er kjent og akseptert i heile skulesektoren og på begge sider av det politiske spekteret. I arbeidet med å fylle omgrepet med innhald, har utvalet ønska innspel frå partane i skulen om korleis dei forstår omgrepet fellesskulen.

Sjølve omgrepet fellesskulen blei ikkje vanleg i bruk før for eit par tiår sidan, men innhaldet i omgrepet, slik Utdanningsforbundet forstår det, er likevel rotfesta langt tilbake i den norske skuletradisjonen. Den norske skulen har over tid hatt eksplisitte målsettingar om å skape sosial utjamning og nasjonal og lokal tilhørslse. Skulen skulle ikkje berre gi alle like moglegheiter gjennom tilgang på likeverdige utdanning, men også skape ein fellesskap ved å bringe barn frå ulike sosiale bakgrunn saman i det same klasserommet.

Utdanningsforbundet meiner det er viktig å halde fast på begge desse sentrale målsettingane. Fellesskulen skal vere noko meir enn at alle får tilgang til den same felles utdanninga eller at alle får likeverdige moglegheiter. Skulen må også vere ein arena for fellesskap og samhold. Ein av dei store styrkane ved den norske skulen og det norske samfunnet, slik vi ser det, er at barn og unge møter kvarandre på tvers av sosioøkonomisk bakgrunn, religion, faglege

føresetnadar og mange andre faktorar som elles skil menneske frå kvarandre. Dette er eit heilt sentralt trekk ved fellesskulen som det blir viktig å vidareføre i framtida.

For at fellesskulen skal bidra til ekte fellesskap held det likevel ikkje at barn og unge er til stades i same skulebygg eller i same klasserom. Vi må òg sikre at alle blir inkludert i fellesskapen, og at dei trivst og kjenner seg trygge. Dette er føresetnad nummer 1 for å skape ein fellesskule på nasjonalt nivå. Om vi ikkje lykkast med å inkludere alle i dei små fellesskapa - i klassen, på årssteget, på skulen - vil vi heller aldri klare å skape nokon stor, nasjonal fellesskap. Utvalet for framtidens fellesskule må sjå skulen som noko meir enn berre utdanning. Skulen er ein viktig del av livet til barn og unge, og ein heilt sentral arena for danning og personleg utvikling. Det vil ikkje fungere om ikkje skulen samstundes er ein god stad å vere.

Trivsel må derfor vere eit sentralt stikkord for den norske fellesskulen. Motsetnaden mellom trivsel og læring er ein falsk motsetnad. I verkelegheita er læring avhengig av trivsel. Men det er også omvendt. Dei som ikkje lærer, vil heller ikkje trivast på skulen. Ein fellesskule må gi moglegheiter for alle til å trivast, til å lære og til å utvikle seg.

Oppsummert må den norske fellesskulen vere ein skule som gir alle god utdanning uavhengig av kor i landet dei bur og som bringer barn og unge med ulik bakgrunn saman på ein slik måte at alle kan trivast og kjenne tilhøyrse.

Kva for trekk ved den norske skulen i dag er viktigast å ta vare på?

Utdanningsforbundet er opptekne av at vi må ta vare på og byggje vidare på det beste i den norske skuletradisjonen. Det norske samfunnet er på mange måtar bygd rundt den offentlege fellesskulen. Skulen er limet i mange lokalsamfunn og eit omdreingspunkt for sosial aktivitet. Skulen fører folk saman og gir felles referanserammer. Skulen legg òg grunnlaget for resten av liva våre ved å kvalifisere for studiar og arbeid. I Noreg har den offentlege fellesskulen stått sterkt, og han gjer det framleis. Sjølv om vi har fått større innslag av private og ideelle skular, er det likevel den offentlege fellesskulen som legg rammene og er omdreingspunktet i skulesystemet. I Noreg har vi ikkje, som i fleire andre land, lukka, parallelle system som berre er tilgjengelege for delar av befolkninga. Det norske systemet er i større grad ope for alle. Det er ein viktig ingrediens for å skape eit rettferdig samfunn der tilliten mellom folk er høg. Samstundes føreset det at den offentlege skulen faktisk fungerer utjamnande etter hensikta, og ikkje minst at kvaliteten på utdanninga er god slik at skulen har høg tillit.

Kva for utviklingstrekk truar fellesskulen?

For at vi skal kunne ta vare på det beste i den norske skuletradisjonen, meiner Utdanningsforbundet, i likskap med fellesskuleutvalet, at det er viktig å identifisere utviklingstrekk som truar fellesskulen både på kort og lang sikt. Utdanningsforbundet følgjer skulesektoren tett og har stor kunnskap om situasjonen basert på forskning og ikkje minst på dialog med og systematisk kunnskapsinnhenting frå det store nettverket vårt av medlemmar og tillitsvalde. I etterkant av at fellesskuleutvalet blei sett ned har vi også initiert diskusjonar i dei interne råda og utvala våre om kva for utviklingstrekk som truar fellesskulen. Vi har identifisert åtte utviklingstrekk som vi meiner er dei viktigaste trugsmåla.

Trugsmål 1: Store forskjellar i opplæringstilbodet mellom kommunar og mellom fylke

Omgrepet likeverdig er sentralt i diskusjonane om fellesskulen. Den norske skulen skal gi elevane eit likeverdig opplæringstilbod uavhengig av bakgrunn, evner, interesser og kvar dei bur i landet, men kva tyder egentleg likeverdig? Omgrepet signaliserer at opplæringstilbodet

må tilpassast behova til ulike elevgrupper og ulike elevar. Men det kan også bli brukt for å tilsøre uakseptabel ulikskap. Utdanningsforbundet meiner eit likeverdig skuletilbod må innebere ein viss grad av likskap i det elevane lærer og likskap i tilgjengelege ressursar. Derfor er det viktig at grenseoppgangen mellom likeverdig og lik får ein sentral plass i utvalsarbeidet.

For Utdanningsforbundet er det eit viktig prinsipp at retten til god og likeverdig utdanning skal gjelde alle barn og unge uavhengig av bustad. Samstundes veit vi at det er store forskjellar i skuletilbodet i dag frå fylke til fylke og frå kommune til kommune. Den norske modellen med omfattande kommunalt sjølvstyre har mange verdifulle sider. Men modellen, slik han blir praktisert i dag, bidrar diverre også til uakseptabel ulikskap. Det er store forskjellar i økonomien til skulane, i tilgangen elevane har til læremiddel, i tilgangen på utdanna lærarar, i tida som er sett av til pedagogisk leining og i den skulefaglege kompetansen i kommunane. Dette truar fellesskulen, og utfordringa blir større jo meir pressa økonomien til kommunane blir. Ei openberr løysning på problemet er at kommunane får tilstrekkelege ressursar til å klare alle oppgåvene sine på ein god måte, men det verkar lite realistisk slik situasjonen er i dag. Derfor kjem vi ikkje unna å snakke om nasjonale normer og minstekrav. Skal vi ha ein nasjonal og likeverdig fellesskule for alle, må vi også ha nasjonale retningslinjer som sikrar likskap og minstestandardar der det er naudsynt. For fellesskuleutalet er det avgjerande å gå inn i den krevjande balansegangen mellom kommunalt sjølvstyre og nasjonale minstekrav.

Trugsmål 2: Svak rekruttering til lærar- og leiarstillingar

Det er eit viktig fundament for Utdanningsforbundet og i norsk skulepolitikk generelt at elevane i norsk skule skal få undervisning frå lærarar med godkjend lærarutdanning. Samstundes er det stor uro for om det vil la seg gjere i framtida. Utan lærarar med lærarutdanning får vi ingen god fellesskule. Derfor må utvalet sjå nærare på rekrutteringsproblema og diskutere korleis vi kan sikre nok lærarar til alle elevar i framtidas skule, uavhengig av kor dei bur i landet. Det er mange ulike faktorar som påverkar rekrutteringa til læraryrket, men vi kjem ikkje utanom lønn og arbeidsvilkår dersom vi verkeleg skal forstå problematikken. Det er også viktig å sjå på økonomien i lærarutdanningane og på korleis vi kan sikre eit minimum av felles innhald på tvers av dei ulike studiestadene.

Trugsmål 3: Utvatning av opplæringsomgrepet – Læraren kan få ei mindre rolle i opplæringa i framtida

Utdanningsforbundet har eit tydeleg standpunkt om at berre lærar med lærarutdanning skal ha fagleg ansvar for opplæringa til elevane. Samstundes er vi tydelege på at elevane må få opplæring av utdanna lærarar i heile det lovfesta minstetimetallet i kvart fag. Læraren er den viktigaste ressursen elevane har. Om vi skal ha ein god skule i framtida, må vi sørge for at elevane får tilstrekkeleg tilgang til den ressursen.

Alle som engasjerer seg i skulepolitikk understrekar at læraren er avgjerande for god opplæring. Dei aller fleste er også tydelege på at læraren vil bli minst like viktig i skulen i framtida. Diverre er det stor forskjell mellom retorikk og realitetar på dette området. Utviklinga går feil veg. Gjennom det store nettverket vårt av tillitsvalde og medlemmar ser vi stadig fleire eksempel på at elevar får delar av opplæringa si utan at det er ein lærar som gir dei opplæringa. Når elevar får ein del av minstetimetallet i fag utan at ein lærar har ansvar for opplæringa, risikerer vi både å svekkje lærarrolla, og at sjølve omgrepet opplæring blir tømt for meining.

Omgrepa undervisning og opplæring har vore sentrale i skulen over tid. Men sjølv om omgrepa står sterkt og er intuitivt forståelege i daglegspråk, er dei langt meir uklare i eit utdanningsrettsleg perspektiv. Omgrepa har delvis overlappande, men ikkje identisk, tyding. Undervisning peikar mot den aktive rolla til læraren i større grad enn det opplæringsomgrepet gjer. Over tid har vi sett at undervisningsomgrepet har blitt tona ned i norsk forvaltning av skulen medan opplæringsomgrepet har fått større plass i styringsdokumenta. Undervisning forsvann nesten heilt ut av lov og forskrift da den nye opplæringslova blei innført i august 2024. Sett frå eit reint pedagogisk perspektiv kan det å erstatte å undervisningsomgrepet med opplæringsomgrepet tolkast som ei sterkare vektlegging av elevaktive arbeidsformer. Sett frå eit juridisk perspektiv er det noko langt meir grunnleggjande som står på spel. Utfasinga av omgrepet undervisning fører til at rolla til læraren blir svakare juridisk forankra enn før. Lova har rett og slett ikkje lenger noko omgrep for den aktive handlinga lærarar gjer når dei gir elevane opplæring.

Opplæring er i motsetnad til undervisning eit heilt sentralt omgrep i lova, men det er like fullt uklart kva opplæringsomgrepet eigentleg tyder i praksis. Opplæringslovutvalet peika på akkurat denne uklarleiken, men utan at forslaga deira til løysing blei følgt opp av regjeringa. Berebjelken i retten elevane har til opplæring, har alltid vore at elevane faktisk får opplæring frå ein lærar. Det har vore ein sjølv sagt føresetnad som få har stilt spørsmål ved. Men kan vi ta det for gitt i framtida? Utdanningsforbundet ser stadig fleire eksempel på at forskjellige typar aktivitetar blir rekna som opplæring for elevane trass i at det ikkje er ein lærar involvert eller eventuelt berre nokre få lærarar på veldig mange elevar. Nokre eksempel er sjølvstendig elevarbeid utan lærar til stades, såkalla asynkron fjernundervisning - ofte med bruk av digitale verkøy som kan gi ei form for tilbakemelding til elevane, store studieverkstader med sær s låg lærardekning, førebuingstida til eksamen osv. Ved å rekne slike aktivitetar som opplæring, sparer skulen pengar fordi dei ikkje treng å betale ein lærar for å gi opplæringa. Vi må rekne med at dette problemet vil bli enda meir aktuelt i framtida, i takt med strammare skulebudsjett og ny teknologi. Utdanningsforbundet meiner dette er alvorleg. Viss ikkje retten elevane har til å få opplæringa frå ein lærar står ved lag, vil sjølvve opplæringsomgrepet bli uthola og miste verdet. Det vil vere kritisk for kvaliteten i det norske skulesystemet. Derfor er det ikkje nok at fellesskuleutvalet konstaterer at læraren vil vere viktig også i skulen i framtida. Utvalet bør sjå nærare på opplæringsomgrepet og på eit overordna nivå gå inn i kva for tyding omgrepet skal ha i norsk skule. Vidare må utvalet diskutere korleis ein kan styrke lærarrolla og sikre at læraren faktisk har den same sentrale plassen i røynda som i retorikken.

Trugsmål 4: Vurderingssystem som skapar målforskyving og ikkje fangar opp det breie samfunnsmandatet til skulen

Er den norske skulen god eller dårleg? På den eine sida er Noreg eit stabilt og trygt samfunn samanlikna med dei fleste andre land. Vi har høg BNP, relativt små forskjellar og eit ganske høgt utdanningsnivå. Internasjonale testar viser og at norske vaksne har gode grunnleggjande ferdigheiter i OECD-målestokk. Det er rimeleg å tru at den norske skulen har ein del av æra for at Noreg er ein såpass vellukka nasjon. På den andre sida er mange urolege for utviklinga i testresultata til elevane og for høge mobbetal, lågare trivsel, dårleg økonomi og at ikkje fleire unge ønskjer å bli lærarar. Pilene peiker i ulike retningar. Å vurdere om skulen er god er med andre ord ein vanskeleg og kompleks øving.

Det nasjonale systemet for kvalitetsutvikling som blei etablert for meir enn 20 år sidan, har ikkje fungert godt til denne oppgåva. Verktøya i systemet har vore for snevre, for upålitelege og i for liten grad retta inn mot å støtte lærarane og leiarane i å skape ein betre skule. I framtida må vi føre diskusjonane om skulekvalitet på eit breiare og betre grunnlag. Slik kan vi

samstundes legge eit godt grunnlag for ei sterk lærarrolle og for forsvarleg styring av sektoren. For fellesskuleutvalet bør spørsmålet om kva som er god utdanning og om korleis vi skal måle kvalitet, stå sentralt når dei skal vurdere kvar norsk skule står i dag og kva slags skule vi skal ha i framtida. Utdanningsforbundet har prioritert dette temaet over tid og kan bidra med ytterlegare refleksjonar og konkrete forslag til løysingar.

Trugsmål 5: Ei opplæring som ikkje treff alle fordi det praktiske ikkje blir prioritert

Ein praktisk skule som femnar breitt og støttar opp under evnene til alle elevar har vore eit mål i norsk skule i lang tid. Men er vi nærare å realisere målet? Kan vi med handa på hjartet seie at norsk grunnskule er like god førebuing for dei som vil satse på praktiske yrke som for dei som siktar mot høgare utdanning?

Vi høyrer ofte at studieførebuaende utdanningsprogram er for likt det elevane møter i ungdomsskulen. Men kan det hende at det er grunnskulen som er blitt for teoretisk og for lik dei studieførebuaende utdanningsprogramma? Praktisk dugleik er ein viktig del av allmenndanninga. Om elevar med spesiell interesse for praktisk dugleik skal oppleve meistring og motivasjon, må denne typen dugleik bli prioritert høgare i grunnskulen enn i dag. Utvalet for framtidens fellesskule har ein viktig oppgåve i å konkretisere kva ein praktisk skule faktisk skal bety i framtida og korleis vi kan realisere denne visjonen i praksis slik at alle elevar kan oppleve meistring.

Trugsmål 6: Mindre ressursar i skulesektoren i framtida

Lite tyder på at ressursituasjonen i norsk skule blir betre i framtida. Spørsmålet om korleis vi kan få ei utdanning av betre kvalitet utan å bruke meir pengar, vil truleg tvinge seg fram uavhengig av arbeidet til utvalet for fellesskulen. Problemstillinga er vanskeleg. God, variert og brei utdanning er ressurskrevjande. Om vi reduserer ressursinnsatsen, er det stor fare for at kvaliteten på opplæringa også går ned.

Redusert ressursbruk kan realiserast på ulike vis. Den verste innfallsvinkelen, slik Utdanningsforbundet ser det, er å bli ein-sidedig opptekne av å sjå resultat-kvalitet i forhold til ressursinnsats. Da risikerer vi å få eit uriktig bilete av kor god skulen er og å prioritere ned dei viktige delane av utdanninga som ikkje så lett kan målast. Eit stort press på indikatorane for resultat-kvalitet vil dessutan føre til at sjølve indikatorane mistar fagleg troverd.

Å «effektivisere» skulen ved å redusere lærarinnsatsen og ressursane til pedagogisk leing vil ikkje føre fram, men derimot gi ein dårlegare skule og ei svakare lærar- og leiarrolle. Ein meir interessant tilnærming er å sjå på omfanget av opplæringa. Lite tyder på at meir skule automatisk betyr meir og betre læring og utvikling. Det er langt viktigare å sikre at den opplæringa elevane får, er så god som mogleg. Ein reduksjon i omfanget av opplæring med eksplisitt føremål om å styrke kvaliteten er ein interessant, men ikkje uproblematisk løysing. Det kan gjere det mogleg å realisere tiltak som kan gjere opplæringa betre, men i verste fall kan det føre til at verdifulle ressursar forsvinn ut av sektoren.

Trugsmål 7: Skulen blir ein arena for konkurranse og ikkje for læring

Skulen blir tidvis oppfatta som ein konkurranse der elevane knivar med kvarandre om dei mest lukrative studietilboda og karrieremoglegheitene. Dette er sjølv-sagt ikkje føremålet til skulen. Likevel er det eit faktum at skuleresultat blir brukte for å rangere elevar ved opptak til vidaregåande skule og til høgare utdanning. Dette gir skulen ein form for prestisje og bidreg til at skulen får ein viktig posisjon i samfunnet. Samstundes er det god grunn til å spørje korleis konkurranseelementet påverkar kvardagen til elevane, lærarane og leiarane og om det ikkje

fører til urimeleg stor merksemd kring vurdering. Landsmøtet til Utdanningsforbundet har vedteke at forbundet skal initiere diskusjonar om årsakene til skulestress og om bruken av skolerultat til rangering og selektering går på kostnad av oppdraget til skolen. Slike diskusjonar bør ha ein naturleg plass i arbeidet til fellesskuleutvalet og Utdanningsforbundet bidreg gjerne med kunnskap og refleksjonar.

Trugsmål 8: Ubalanse mellom omsynet til individet og omsynet til fellesskapen

Skulen har alltid forsøkt å balansere omsynet til fellesskapen opp mot omsynet til individet, ofte med vekslande hell. Medan skulen i tidlegare tider gjerne blei skulda for å ta for lite omsyn til individet, har mange dei seinare åra vore urolege for at skulesystemet er for sentrert rundt individuelle rettår.

Denne uroa må vi ta på alvor, I skulepolitikken blir det ofte diskutert korleis opplæringa kan bli betre tilpassa elevane. Samstundes opplever lærarar at for mange barn og unge ikkje er godt nok rusta til å ta del i fellesskapen i skulen og i samfunnet elles. Kanskje burde vi snakke meir om korleis elevane kan bli betre til å tilpasse seg fellesskapen. Dette spørsmålet krev ei nyansert tilnærming. Balansegangen mellom omsynet til individet og omsynet til fellesskapen går føre seg på ein smal stil med openberre fallgruver på begge sider. Å finne riktig balanse må stå sentralt når vi skal realisere fellesskulen i framtida.

I tilbakemeldingane frå dei tillitsvalde i Utdanningsforbundet om kva som truar fellesskulen, er det spesielt eitt trugsmål som går igjen: Individualisering. Samstundes kjem det fram at omgrepet individualisering ikkje har ein klar definisjon, men ofte blir forstått ulikt og kan ha fleire ulike meiningar. I den offentlege debatten ser vi det same. Omgrepet blir ofte brukt, men sjeldan fylt med konkret innhald. Derfor meiner Utdanningsforbundet at fellesskuleutvalet bør gå nærare inn i omgrepet og konkretisere kva det kan bety i skulesamanheng. Dette innspelet er eit forsøk på å bidra til dette arbeidet gjennom å identifisere nokre ulike former for individualisering.

Det er avgjerande for utvalet å ha eit nyansert og balansert inngang til spørsmålet om kva individualisering er og korleis det påverkar skulen. Det individuelle blir ofte oppfatta som motsatsen til det som er felles. Derfor er det nærliggande å tenke at individualisering er eit utviklingstrekk som truar fellesskolen. Samstundes heng individualisme og fellesskap saman og er gjensidig avhengige av kvarandre. Vi kan ikkje ha eit fellesskap utan individ, men det er også vanskeleg å oppnå individuell fridom utan velfungerande fellesskap. Dersom felles rammer og reglar forvitrar, vil den individuelle fridomen og rommet for individuell utfolding også forvitre. Individ må ta omsyn til fellesskapen og innrette seg, men fellesskapen må også ta omsyn til individa. Det blir ikkje noko godt fellesskap utan aksept for at vi er forskjellige.

Forholdet mellom individ og fellesskap handlar derfor ikkje om at individualisme er dårleg og fellesskap er godt, eller omvendt. Men om balansen mellom dei - om korleis det individuelle kan støtte fellesskapen, og om korleis fellesskapen kan støtte opp under individet.

Viss vi skal komme nærare ei forståing av omgrepet individualisering og kva det har å seie i skulesamanheng, kan vi ikkje bruke det i eintal, men vi må snakke om mange ulike typar individualisering. I resten av dette innspelet vil Utdanningsforbundet peike på ulike typar individualisering i skulesektoren som vi meiner det er særleg relevant for utvalet å vere merksame på.

Teknologi som drivkraft for individualisering: Nye medieplattformer har ført til ei fragmentering av medielandskapet. Sosiale medium blir ein stadig viktigare kjelde til nyheiter.

Innhaldet i dei sosiale media er i stor grad individuelt tilpassa brukaren gjennom skreddarsydde algoritmar. Tradisjonelle, redaktørstyrte nyheitsmedium har begynt å ta i bruk dei same verkemidla. Det vil seie at forsida på nokre nettaviser ikkje lenger ser lik ut for alle, men i aukande grad blir tilpassa alder, kjønn og interesser hos brukarane. Dette utfordrar den store fellesskapen fordi det bidreg til at felles referanserammer forvitrar slik at vi ikkje lenger forhold oss til den same kunnskapen. I aukande grad ser vi verda gjennom individuelle linser. I verste fall kan dette nye medielandskapet skape splid og byggje opp under skepsis til andre menneske fordi algoritmane på nokre sosiale medium prioriterer innhald som er egna til å sjokkere og til å skape kjensler av sinne og frustrasjon.

Sjølv om denne utviklinga ikkje har opphav i skulen, utfordrar ho skulen på fleire ulike vis. Skulen er, i likskap med media, ein av dei sentrale fellesskapsarenaene i samfunnet. Når andre arenaer for fellesskap forvitrar, kan ein større del av ansvaret bli lagt over på skulen. Det gjer oppdraget til skulen enda viktigare, men også vanskelegare. Mange lærarar erfarer at det kan vere krevjande å drive opplæring når ein del diskusjonstema er gjenstand for sterk usemje og prega ulike forståingshorisontar hos elevane.

I tillegg kan den teknologiske utviklinga bidra til ei pedagogisk individualisering i skulen. Kunstig intelligens gir nye moglegheiter for individuell tilpassing av opplæringa. Vi høyrer ofte at KI kan gje kvar enkelt elev sin eigen personlege hjelpelærer. Det er utvilsamt ein forlokkande tanke, men like fullt ei flytting av læring frå fellesskapen og til den individuelle sfæren. Opplæringa har alltid balansert omsynet til individuell tilpassing opp mot behovet for å lære i fellesskap. Så langt har ressursmessige avgrensingar lagt ei ramme for prioriteringane og gjort det naudsynt å prioritere fellesskapsdimensjonen. Om desse avgrensingane fell bort, slik at reell individuell tilpassing ikkje lenger er ressursmessig umogleg, blir det enda viktigare for skulen å ta aktive og medvitne val mellom fellesskap og individualisering. Kva for plass skal læringsfellesskapen ha i ei framtid der (nokon vil hevde at) vi eigentleg ikkje treng fellesskapen lenger? Eller der fellesskapsløysingar framstår som dyrare og mindre effektive enn dei individuelle løysingane? Dette vil bli sentrale spørsmål i diskusjonane om korleis vi skal innrette skulen i framtida.

I framtida kan skulen stå overfor det same dilemmaet som det dei redaktørstyrte media gjer i møte med teknologi som kan gje kvar lesar individuelt tilpassa avisforsider: Skal skulen individualisere opplæringa for å fange merksemda til elevane og for å sikre at kvar enkelt elev opplever opplæringa som meir interessant og relevant i eit kortsiktig perspektiv? Eller skal skolen i større grad halde fast ved ein felles innretting der enkeltelevar må inngå i og tilpasse seg læringsfellesskapen? Dette er dilemma som først vil treffe oss for full litt fram i tid, men som også gjer seg gjeldande i dag. Til dømes er mange lærarar urolege for at opplæringslova gir omfattande opning for fjernundervisning, og spesielt såkalla asynkron fjernundervisning, der elevane og lærar ikkje er til stades på same tid.

Økonomiske og sosiokulturelle faktorar som drivkraft for individualisering: I eit samfunn der forskjellane er store mellom dei som har minst og dei som har mest, blir det ekstra viktig å vinne fram i kappløpet om studieplassar og jobbmoglegheiter. Det kan føre til at foreldre og elevar ser utdanning som ein reiskap for individuell suksess og ikkje som eit fellesskapsprosjekt. Slike haldningar heng saman med førestillinga om konkurransesamfunnet, det vil seie ideen om at samfunnet er ein konkurranse om knappe gode der det gjeld å hevde seg best mogleg som individ. Mange lærarar og tillitsvalde er uroa for at ideen om konkurransesamfunnet blir overført til skulesektoren, slik at vi får ein konkurranseskule, der skulen blir ein stadig viktigare arena for å sikre seg tilgang på

prestisjefylte utdanningar og lukrative moglegheiter i arbeidsmarknaden. I konkurranseskulen er det hard individuell konkurranse om å komme inn på dei vidaregåande skulene og utdanningsprogramma som er mest populære. Konkurransen er enda hardare i overgangen mellom vidaregåande og høgare utdanning. Fordi karakterane i skulen er silingsmekanismen, blir det skapt eit press på vurderingsordningane som påverkar kvardagen til både elevar og lærarar.

Politiske drivarar for individualisering: Nivådeling og privatisering er høgt på dagsorden i den politiske skoledebatten. Nivådeling som metode tar utgangspunkt i at opplæringa blir betre dersom elevane blir delte inn i grupper etter fagleg nivå slik at undervisninga kan tilpassast akkurat det nivået. Privatisering handlar mellom anna om moglegheita til å velje skule ut frå individuelle omsyn. Eit liknande tema er debatten om såkalla profilskular. Den handlar om at både private og offentlege skular kan utforme ein eigen fagleg og pedagogisk profil slik at elevane har moglegheit til å velje mellom skular med ulike innretningar. Dette er særleg utbreidd i større byar, og det skaper diskusjon blant lærarar og leiarar. Moglegheita til å velje mellom skuletilbod som er innretta forskjellig, kan vere positivt for elevar, men tek oss samtidig bort frå skulen som ein arena der elevar møter kvarandre på tvers av sosiokulturell bakgrunn og interesser. Vi bør også spørje om aukinga i talet på profilskular handlar meir om at skulene vil hevde seg i konkurranse med kvarandre enn om dei reelle behova til elevane.

Juridisk og organisatorisk individualisering handlar om korleis balansen mellom individ og fellesskap blir ivareteke i lovverket. Det kan verke som at vi har vore gjennom ei utvikling over tid der lovverket i aukande grad rettigheter til opplæring på individnivå i statet for som eit krav til kva skulen skal tilby fellesskapen. Eit eksempel er retten til opplæring i eit minstetimetall i kvart fag, som var regulert som kor mange timar skolen skulle tilby kvar uke, men som no er ein individuell rett på årsbasis. Spørsmålet om korleis lovverket balanserer omsynet til individet med omsynet til fellesskapen kjem til uttrykk i mange dagsaktuelle saker. Skal skulane kunne dele informasjon om elevar som har utøvd vald når desse elevane bytter skule? Er det omsynet til personvern til enkelteleven som skal vege tyngst i denne samanhengen, eller omsynet til å verne fellesskapen? Skal det vere mogleg å vise bort elevar for lengre tid eller tvinge dei til å bytte skule av omsyn til resterande elever og lærarar, også når det går på kostnad av retten eleven har til opplæring? Kor lavt skal vi legge lista for at lærar skal kunne gripe inn fysisk overfor ein elev for å skjerme fellesskapen? Slike spørsmål skaper engasjement og diskusjon blant lærarar og tillitsvalde i skolen. Djupast sett handlar desse spørsmåla om korleis vi regulerer balansen mellom fellesskap og individ i lovverket.

Medisinsk og psykologisk individualisering dreier seg mellom anna om at talet på barn og unge med diagnosar som autismespekter og ADHD aukar kraftig. Denne aukinga skaper diskusjon og dilemma langs fleire ulike aksar. For det første merker mange lærarar at elevgruppene reelt sett har blitt meir krevjande, og at det trengs meir ressursar for å oppretthalde eit godt læringsmiljø og eit akseptabelt tilbod til alle. For det andre utløyser den bratte stigninga i talet på diagnosar diskusjon om sjølve diagnosekriteria og om forståinga vår av kva som er eit normal fungeringsnivå, har enda seg, slik at vi i dag setter medisinske diagnosar på åtferd som tidlegare hadde blitt definert innanfor eit normalspekter. For det tredje utløyser dette ein ressursdiskusjon. Viss stadig fleire elevar som er brukbart fungerande, får rett til individuelt tilrettelagt opplæring gjennom diagnosar som ADHD og autisme, kan det gå utover ressursane til elevar utan rett til individuell tilrettelegging og ressursane til elever som har klart lågare funksjonsevne og som trengjer meir omfattande tilrettelegging. Om tendensen til medisinsk individualisering held fram, kan fellesskolen komme under eit kraftig press. Det kan tvinge seg fram tøffare debattar om korleis vi kan sikre eit godt læringsmiljø, om normene

for normalitet i skulen er blitt for tronge og ikkje lenger rommar store delar av norske barne- og ungdomskull, og til slutt om korleis vi fordeler stadig knappare ressursar mellom elevgrupper med stadig aukande behov for tilrettelegging.

Pedagogisk individualisering: Individualisering i skulen i skulen blir ofte omtala som eit press utifrå, frå samfunnet, frå foreldre og andre. Men vi bør også vere merksame på den rolla skulen spelar i individualiseringa som går føre seg i samfunnet. Er det slik at skulen lærer opp foreldre og elevar i individtenking?

I ein forskingsrapport frå 2006 diskuterer Peder Haug og Kari Bachmann individualisering i skulen. Dei er tydelege på at dette ikkje er nokon ny tendens. Dei to forskarane peikar på at allereie normalplanen frå 1939 var prega av ein ambisjon om reformpedagogikk og individualisering. Denne utviklinga har halde fram heilt til våre dagar, om enn i rykk og napp. Haug og Bachmann legg vekt på at Kunnskapsløftet i 2006 markerte ein overgang der læring i hovudsak blei skildra som det konkrete resultatet hos kvar enkelt elev og ikkje lenger som felles prosessar i klasserommet. Dette markerte eit brot med norsk læreplantradisjon inntil da. Samstundes er det utvilsamt slik at synet på læring som ein individuell prosess, slik det mellom anna kjem til uttrykk i K06, har røter langt tilbake i pedagogisk historie. Det er også forankra i den overordna delen av læreplanen vi har i dag. Overordna del blir avslutta slik:

Alle elevar er ulike, og kva som er eleven sitt beste, er eit kjernesporsmål i all opplæring. Dette spørsmålet må alle som jobbar i skolen, svare på på nytt kvar dag

Dette er ein flott og viktig formulering, og ambisjonen om å ta omsyn til kvar enkelt elev er godt forankra i skulen. Samstundes er det utvilsamt ein krevjande ambisjon å vurdere det beste for enkelteleven til ein kvar tid og tilpasse undervisninga etter det. Kanskje kan ein slik ambisjon også skape urealistiske forventningar om individuell tilrettelegging. Formuleringa frå overordna del er eit interessant utgangspunkt for diskusjon om forholdet mellom individ og fellesskap i norsk skole i dag, og om korleis vi kan ivareta denne balansen best mogleg i framtida.

Alle skulesystem må vurdere omsynet til det individuelle opp mot omsynet til fellesskapen og ta medvitne og pedagogisk forankra val om korleis dette skal balanserast i dei sentrale styringsdokumenta. For eit utval som skal sjå på fellesskolen i framtida, er det ekstra viktig å gå inn i denne problematikken og seie noko overordna om både om situasjonen i dag og om retninga i framtida.

Utdanningsforbundet meiner det største styrken til den norske skulen er det breie mandatet som legg vekt på trivsel, danning, tilhøyrslø, utvikling og læring. Dette breie mandatet er djupt forankra hos dei som arbeider i skulen. Det har solide historiske røter og går som ein rød tråd gjennom skulehistoria. Vi kjenner ikkje framtida, men vi veit at det vil vere viktigare enn nokon gong å ha ein skule der barn og unge kan trivast, utvikle seg, lære og oppleve tilhøyrslø. Framtidas skule vil vere prega av teknologisk utvikling, men må djupast sett vere ein arena for menneske, både i eintal og fleirtal. Den viktigaste oppgåva til fellesskolen er å kombinere moglegheita for individuell utvikling med å binde oss saman som fellesskap.

Med vennlig hilsen

Morten Solheim
Seksjonsleder

Martin Minken
Seniorrådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevet signatur.